



FEDJE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Møtedato: 28.09.2023, kl. 09.15 – 13.10

Stad: Hjartebanken, Kalvedalen 1, Fedje

Tilstades: Brit Gunn Tangen (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar), Alf Nordseth, Inger Steinsbø og Jan Håkon Husa (medlemmer)

Forfall:

Andre: Kommunedirektør Berit Karin Rystad (i sakene 26/23, 27/23 og 28/23)

Revisjon: Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland, Vestlandsrevisjon IKS

Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

Møtet vart heva kl. 13.10.

SAKER:

22/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
23/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
24/23 Meldingar.....	2
25/23 Stadfesting av revisor si uavhengigheit.....	3
26/23 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022	3
27/23 Orientering: Oppdatert organisasjonskart og ansvarsområde. Korleis vert system for økonomistyring og internkontroll påverka?	4
28/23 Aktuelt i Fedje kommune.....	4
29/23 Drøfting: Eventuelle justeringar i forvaltningsrevisjonsprosjektet om internkontroll og økonomistyring som følgje av organisatoriske endringar	5
30/23 Overføringsdokument 2019-2023 – innspel til nytt kontrollutval.....	7
31/23 Møteprotokollar frå politiske utval.....	7
32/22 Eventuelt.....	8



22/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Innkalling og sakliste er godkjent.

23/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 01.06.2023 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 01.06.2023 er godkjent slik den ligg føre.

24/23 MELDINGAR

- a. Kontrollutvalet i Fedje kommune er medlem i FKT, Forum for kontroll og tilsyn
- b. Årsmelding og rekneskap for 2022 er godkjent i kommunestyret
- c. Revisjon av risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)
- d. Revisjon av beredskapsplan, administrativ del

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a-d til orientering.



HANDSAMING I MØTET

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a-d til orientering.

25/23 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting av uavhengigheit til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor/revisor Ragnhild K. Høyland orienterte om uavhengighetserklæringane.

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting av uavhengigheit til orientering.

26/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om etterlevingskontrollen om økonomiske fullmakter til orientering og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.

Kontrollutvalet ynskjer ei tilbakerapportering frå kommunedirektøren på korleis etterlevingskontrollen har vorte følgd opp innan 3. kvartal 2024.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor/revisor Ragnhild K. Høyland presenterte etterlevingskontrollen.

Kommunedirektør Berit Karin Rystad gav nokre kommentarar til kontrollen og planlagt utvikling på området.



Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om etterlevingskontrollen om økonomiske fullmakter til orientering og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.

Kontrollutvalet ynskjer ei tilbakerapportering frå kommunedirektøren på korleis etterlevingskontrollen har vorte følgd opp innan 3. kvartal 2024.

27/23 ORIENTERING: OPPDATERT ORGANISASJONSKART OG ANSVARSOMRÅDE. KORLEIS VERT SYSTEM FOR ØKONOMISTYRING OG INTERNKONTROLL PÅVERKA?

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa til informasjon.

HANDSAMING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte i saka.

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa til informasjon.

28/23 AKTUELT I FEDJE KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte kort om:

- Sak om innsparingar, som er ei oppfølgingssak etter første tertialrapport, som var oppe i formannskapet 19.09.23.



- Er fulltalig i alle stillingar utanom på helse. Utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar. Har sett i gong eit arbeid med arbeidsmiljø og førebygging av sjukmeldingar med fokus på å behalda arbeidskraft.

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

29/23 DRØFTING: EVENTUELLE JUSTERINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET OM INTERNKONTROLL OG ØKONOMISTYRING SOM FØLGJE AV ORGANISATORISKE ENDRINGAR

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Alternativ 1

Med bakgrunn i drøftinga i saka, og informasjonen som kom fram i sak 28/23, ynskjer kontrollutvalet ikkje å endra problemstillingane i prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «*Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året.*»

Kontrollutvalet ynskjer at endeleg rapport vert handsama innan 14. mars 2024.

Alternativ 2

Med bakgrunn i drøftinga i saka, og informasjonen som kom fram i sak 28/23 ynskjer kontrollutvalet å endra problemstillingane for forvaltningsrevisjonsprosjektet «*Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året.*»

Nye problemstillingar vert:

1. xxx

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland gav ei utfyllande orientering knytt til notatet i saka.

Kommunedirektøren har ikkje lagt fram dokumentasjon som syner system for budsjettoppfølging og rapportering. Det er difor vanskeleg å revidera korleis systema vert praktisert i høve etablerte system i kommunen.

Kontrollutvalet drøfta framdrifta i forvaltningsrevisjonsprosjektet og problemstillingane.



Problemstilling 1. *Har kommunen eit system for budsjettoppfølging og rapportering som legg til rette for god økonomistyring?* vart endra til to problemstillingar:

1. *Legg kommunen sin praksis for budsjettoppfølging til rette for god økonomistyring i organisasjonen?*
2. *Opplever politisk nivå å få hensiktsmessig og tilstrekkeleg økonomisk styringsinformasjon frå kommunedirektøren?*

Kontrollutvalet ynskjer at følgande punkt vert sett på under problemstilling 1:

- *Opplever einingane budsjettet som realistisk, og nyttar dette som eit styringsdokument?*
- *Korleis føregår budsjettprosessen?*
- *Har ein system for å gjera justeringar om prognose viser avvik i høve budsjett?*

Opprinneleg problemstilling 2 *Føreligg det delegasjon av ansvar og oppgåver knytt til økonomi og er denne kjent og implementert i organisasjonen?* Vert endra til:

Er ansvar og oppgåver knytt til økonomistyring kjent og implementert i organisasjonen?

Opprinneleg problemstilling 3. *Har kommunen ei hensiktsmessig fordeling av ansvar og oppgåver knytt til økonomiområdet?* Denne problemstillinga vert teken ut, då det vert gjort større organisasjonsendringar no.

På bakgrunn av drøftinga gjorde eit samla kontrollutval framlegg om gjera vedtak i tråd med sekretariatet sitt framlegg til vedtak, alternativ 2, med følgande nye problemstillingar:

1. *Legg kommunen sin praksis for budsjettoppfølging til rette for god økonomistyring i organisasjonen?*
2. *Opplever politisk nivå å få hensiktsmessig og tilstrekkeleg økonomisk styringsinformasjon frå kommunedirektøren?*
3. *Er ansvar og oppgåver knytt til økonomistyring kjent og implementert i organisasjonen?*

Votering

Kontrollutval sitt felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Med bakgrunn i drøftinga i saka, og informasjonen som kom fram i sak 28/23 ynskjer kontrollutvalet å endra problemstillingane for forvaltningsrevisjonsprosjektet *«Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året.»*

Nye problemstillingar vert:

1. *Legg kommunen sin praksis for budsjettoppfølging til rette for god økonomistyring i organisasjonen?*



2. Opplever politisk nivå å få hensiktsmessig og tilstrekkeleg økonomisk styringsinformasjon frå kommunedirektøren?
3. Er ansvar og oppgåver knytt til økonomistyring kjent og implementert i organisasjonen?

30/23 OVERFØRINGSdokUMENT 2019 -2023 – INNSPEL TIL NYTT KONTROLLUTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet.

Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.

Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet.

Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.

Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

31/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Ingen saker meldt.

Votering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

32/23 EVENTUELT

Ingen saker meldt.

Fedje, 28.09.2023

Brit-Gunn Tangen
Kontrollutvalsleiar